

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 07.09.2022, kl. 12:00-15:00
MØTESTAD: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Marita Aarvik	Observatør

Forfall

Eiliv Berdal	Observatør
--------------	------------

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Asle Kjølraug, fagdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, referent

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
044/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden
045/2022	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 16.06.2022
046/2022	Administrerande direktør si orientering
047/2022	Rapportering frå verksemda per juli 2022
Saker til orientering:	
048/2022	Bierverv i Helse Førde – status
049/2022	Nye Førde sjukehus - løypemelding
050/2022	Eventuelt
	Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

Styra i Helse Vest RHF og Helse Førde HF hadde eit fellesmøte/seminar førut dagens styremøte.

Sak 044/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden. Det var avsett mest tid til rapportering frå verksemda.

- Eiliv Berdal hadde meldt forfall
- Marita Aarvik møte som observatør
- Nytt dokument utdelt: Helse Førde HF sine innspel til Nasjonal helse- og samhandlingsplan, datert 05.09.2022

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 045/2022 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 16.06.2022

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 16.06.2022.

Sak 046/2022 Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia og orienterte om eit nytt punkt 7. «Firda 24 timar».

1. Rapportering tilsynssaker
2. Oversikt over aktuelle høyringar
3. Saker til oppfølging etter styremøte
4. Ambulansebåt

Direktør Guldhav orienterte om ny ambulansebåt, som var sett inn i Flora-bassenget. Båten skal ha sitt område ned mot Askvoll og opp til Stad.

Det vert utadretta verksemd med omvisning i den nye ambulansebåten.

5. Status lønnsoppgjeret

HR-direktør Skjelten orienterte om resultat lønsforhandlingar 2022:

- Frontfaget landa på 3,70 prosent
- Spesialisthelsetenesta landa på 3,84 prosent
- Lokale forhandlingar i Helse Førde landa på 3,84 prosent
- Leiinga si ramme landa på 3,84 prosent
- God internt forhandlingsklima. Intern tilnærming søker å sikre lik ramme for dei ulike forbunda
- Effekten av sentrale forhandlingar slår ulikt ut for dei ulike føretaka
- Stort budsjettmessig sprik mellom budsjetttramme på 3,2 prosent og reell kostnad for føretaket

6. Budsjett 2023 – orientering om prosess

Adm. direktør Varden orienterte om budsjettprosessen:

- Budsjett 2023 vil bli utarbeid etter prinsipp for rammebudsjettering
- Førebels ramme var tildelt frå Helse Vest 13. juni 2022
- Endeleg ramme vil bli beslutta i styremøte i Helse Vest 7. desember 2022
- Etter innspel på realendringar frå klinikkane vil adm. direktør setje førebels ramme for klinikkane
- Deretter arbeider kvar klinikk med budsjettet og fordeler rammene mellom avdelingane
- Tillitsvalde og verneombod er involverte i alle fasar

Tidslinje for budsjettprosessen vart skissert. Budsjett 2023 vert handsama i styremøte 16. desember 2022.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om førebels ramme 2023 og endring mot 2022.

7. Firdareportasje døgnet ved Førde sentralsjukehus (FSS)

Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte om planlegging av firda-reportasje ved Førde sentralsjukehus, som vert 14. september.

Huset som aldri søv:

- Firda har henta ideen frå ein reportasje som Nordlys hadde laga i Tromsø
- Firda ønskjer å lage reportasjen som skal spegle eit døgn på den største arbeidsplassen i området, og møte tilsette og pasientar
- Det vert 24 reportasjar frå FSS – ein kvar time, med kombinasjon av tekst, foto og video
- Det vert brukt ca ein måned på å redigere stoffet
- Det blir fortløpande publisert i nettavisa kvar time ei helg i oktober
- Det vert også versjon til papirutgåva

Korleis gjer vi dette?

Dette krev god planlegging, og i størst mogleg grad laga avtalar på førehand. Det er frivillig å delta og krev samtykke. Journalistane skal skrive under teieplikt. Vi skal godkjenne alt før det blir publisert.

Styret kommenterte at dette blir spennande, med ein reportasje som har fokus på breidda i sjukehuset.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 047/2022 Rapportering frå verksemda per juli 2022

Oppsummering:

Administrerende direktør Varden innleia rapporteringa om den økonomiske situasjonen. Kva vi gjer og kva vi har gjort, og kva vi tenker framover.

- Til per juli er negativt med 17,8 millionar kroner, som er 35,3 millionar kroner bak budsjett hittil i år
- Resultat i perioden er negativt med 18,8 millionar, som er eit avvik på 21,3 millionar kroner i høve budsjettet
- Hovudårsaka til avvik frå budsjett er mindre aktivitet, samt høgare løns- og personalkostnader
- Personalkostnader viser meirforbruk på 30 millionar etter justering for pandemien. Det er fleire årsverk i år enn for tre år sidan. Lønnsoppgjæret er

høgare enn budsjettet. Sjukefråværet har vore vesentleg høgare i 2022 enn normalt

- Samla sjukefråvær var 8,2 prosent i juli
- Knappeheit for fagressursar blir meir synleg, og det gir dyrare løysingar
- Bruk av verktøykassa vert strammare
- Innføring av Dips Arena har kosta mykje
- Personalkostnader er den store utfordringa
- Vi har ca 100 årsverk som vi må jobbe vidare med
- Prisen på matvarer har auka betydeleg
- Prisen på medikament er aukande

Arbeidet med å tilpasse aktiviteten til dei økonomiske rammevilkåra er svært viktig for å sikre handlingsrom til å utvikle drifta og gjennomføre nødvendige investeringar.

Resultat for august er minus 7,7 millionar kroner på drifta, dvs. 10,2 millionar kroner i avvik. Dette er ei betring frå juli.

Aktiviteten - overordna pasientflyt per juli viser:

Nytilviste 4 692 (-12%)	Totalkø 44 114 (7%)	Avslutta 3 868 (-21%)
-------------------------	---------------------	-----------------------

Kst. fagdirektør Kjørlaug orienterte om: Fag og kvalitet

- Ventetid innan somatikk for pasientar som har starta behandling, er fortsatt høg med 67 dagar. Ventetid for ventande har auke og er no på 76 dagar.
- Innan psykisk helsevern går ventetida ned for pasientar som har starta behandling, men vi har framleis for høge ventetider for barn og unge.
- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser 73 hittil i år for somatiske avdelingar
- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser 35 hittil i år for PHV, 50 hittil i år for PBU og 31 hittil i år for TSB
- Den største utfordringa er i somatikken og BUP
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 481 nye i juli, svarande til 18,4 prosent

Ventetid/fristbrot:

Overordna er det eit risiko- og utfordringsbilete – kapasitetsbrist og vanskelege prioriteringar

- Pasientar med alvorleg tilstand må få tilgang til helsehjelp når dei er tilviste: prioritere rett
- Pasientar i etablert behandlingsforløp kan utvikle alvorlig forverring medan dei ventar på time
- Unngå kronifisering av funksjonshemmande tilstandar
- Utfordrande å mobilisere egne ressursar
- Overgang til Dips Arena: auka risiko for feilregistrering

Tiltak – styrke evna til å yte nødvendig helsehjelp («sørge-for»-ansvaret)

- Ytterlegare mobilisering av egne ressursar
- HELFO-tilbod ved etablert fristbrot

- Samarbeid med Helse Møre og Romsdal, midlertidig tiltak innan kirurgiske inngrep
- Dialog med Helse Vest om tilbodet
- Avtalespesialistar

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet og økonomi

Resultat juni, juli og til no i år:

- Resultatet for juni er positivt med 18,8 millionar kroner, som er 16,3 millionar betre enn budsjett. Vi hadde inkludert covid-midlar i juni.
- Resultat for juli er negativt med 18,8 millionar kroner, som er 21,3 millionar kroner svakare enn budsjett.
- Resultatet hittil i år er negativt med 21,3 millionar kroner. Budsjettavviket til no i år er negativt med 35,2 millionar kroner.

Resultat august er negativt med 7,7 millionar kroner, som er 10,2 millionar kroner svakare enn budsjettet.

Varekost og medisinsk heimebehandling stig meir enn den generelle utviklinga.

Adm. direktør Varden orienterte om at det er fleire drivarar bak meirforbruk på personalkostnader

- Pandemien har medført fleire årsverk
- Lønnsoppgjeret 2022 vart høgare
- Mangel på fagressursar har medført innleige og overtid
- Innføring av nye system som Dips Arena, Orbit og LIBRA har vore og er ressurskrevjande
- Det er eit etterslep i avvikling av permisjonar og kurs
- Endring i lovverk og turnusplanar
- Fleire har 100 prosent stilling

HR-direktør Skjelten orienterte om sjukefråværet, for korttids- og langtidssjukefråværet, og sjukefråværet per klinikk.

Adm. direktør Varden orienterte om utfordringsbilete – prosess og moglege konsekvensar:

- Kva skjer rundt oss?
- Vi må forberede oss på andre tider
- Signal om at det ikkje blir noko handlingsrom i statsbudsjettet
- Informasjon på intranett om «Helse Førde hardt pressa økonomisk»
- Styremøte i Helse Vest med bestillingar til føretaka om å behandle ei oppdatert vurdering av økonomisk langtidsplan
- Det blir revisjon av økonomisk langtidsplan til styremøte i Helse Førde HF 27. oktober
- Forventa at avvik mot budsjett vil vere mellom 60 og 70 millionar

Kva har vi gjort sidan siste styremøte?

Det blir vurdert innstramming på: tilsetting, innkjøp, verktøykasse for ferieavvikling og tette hol i turnus, vedlikehald bygning, og buffer for investering.

Direktør Vingsnes orienterte om arbeidet med tiltak i Medisinsk klinikk.

Direktør Guldhav orienterte om arbeidet med tiltak i Kirurgisk klinikk.

Direktør Tvedt orienterte om arbeidet med tiltak i Psykisk helsevern.

Adm. direktør Varden orienterte om vurdering av risiko - største risikoområde i 2022 og 2023.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om likviditet og investering.

Styreleiar Krakhellen innleia om at saka gir ei god orientering om den økonomiske situasjonen, som vi må bruke god tid på. Bilde internasjonalt og nasjonalt påverkar oss. Vi må sikre økonomisk kontroll på drifta for å skape eit handlingsrom til å realisere ambisjonane våre, særleg på investeringar i Nye Førde sjukehus. Vi må bli strengare på prosjekt og utbytte i tida framover. Å gjennomføre tiltak i 2022 er viktige, då desse kan gje heilårseffekt inn i 2023.

Vedtak (samrøystes):

Styret viser til rapporten frå verksemda per juli 2022 og sjølve presentasjonen i styremøtet.

Styret vurderer situasjonen som alvorleg og vil ha løpande orientering om utviklinga, inkludert konsekvensane av tiltak som har, og vil bli, sette i verk. Dette gjeld både i forhold til økonomi og kvalitet. Det er svært viktig at føretaket har ein styringsfart som er i samsvar med dei økonomiske rammevilkåra for å sikre utvikling og framtidige investeringar.

Saker til orientering:

Sak 048/2022 Bierverv i Helse Førde - status

Oppsummering:

Rapportar viser ein liten auke i tal registrerte bierverv i perioden samanlikna med 2021. Det vert i klinikkane sine leiargrupper informert om retningsliner for bierverv. HR vil halde fram rutinen med å sende årleg rapport med oversikt over bierverv i klinikkane til leiarar på nivå 2. Retningslinene knytt til bierverv vert vidareført.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si orientering om bierverv i Helse Førde til vitende.

Sak 049/2022 Nye Førde sjukehus - løypemelding**Oppsummering:**

Prosjekt Nye Førde sjukehus er i god rute med å gjennomføre planlagt arbeid, både for ombyggingsarbeid og nybygget. Samarbeidet og dialogen med totalentreprenør Veidekke, tekniske underentreprenørar, rådgjevar og arkitekt er god.

Sluttprognosen for prosjektet er ikkje endra. Vi rapporterer framleis med 40 millionar over budsjett.

Utvikling av kostnadsindeksen for byggebransjen og krigen i Ukraina er dei to største risikoane i prosjektet, og desse har eit potensiale for å treffe prosjektet.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 050/2022 Eventuelt**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar**Følgjande skriv og meldingar var sendt til styret:**

- Samhandlingsnytt juni 2022
- Referat frå felles brukarutval i Sogn og Fjordane 08.06.2022
- Utkast – Tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Førde HF

Følgjande skriv og meldingar var utdelt i møtet:

- Helse Førde HF sine innspel til Nasjonal helse- og samhandlingsplan, datert 05.09.2022

Ref. Berit Irene Haarklau
07.09.2022

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem